

## 2025-årsmeldinga for Bergen krins av Norges Samemisjon

Styret valt på årsmøtet laurdag 22.03.25:

Inge Augestad: vald for to år

Karl Magnus Valle: ny, vald for 2 år

Jostein Kringlebotten: ikkje på val

Knut O. Dale: ikkje på val

På årsmøtet gjekk Jesper Hegna Johnsen ut or styret.

BUR – barne- og ungdomsrådet valde Jan Ole Høiby Hansen til medlem i krinsstyret.

Styret konstituerte seg med Inge Augestad som formann, Jostein Kringlebotten som nestformann og Knut O. Dale som skrivar.

### Årsmøtet 2025

Årsmøtet 22.03.25 var i Tørvikbygd bedehus.

Vidar Grindheim var ordstyrar.

Stein Ingvar Kalviknes, formannen i Norges Samemisjon, var med på møtet. Han var og bibeltimedalder.

#### Vedtak på årsmøtet:

1: Årsmøtet i Bergen krins av Norges Samemisjon laurdag 22.03.25 stiller seg attom og gjev tilslutnad til søknaden frå Fagertun-styret om midlar til utbetringa av skulehuset på Fagertun. Årsmøtet oppmodar krinsstyret og styret for Fagertun til å arbeida med andre inntektsmåtar for å finansiera denne utbetringa.

2: Årsmøtet i Bergen krins av Norges Samemisjon vedtek framlagd økonomiplan for Fagertun frå og med 2025 til og med 2028.

Bakgrunnen for vedtaka var ei tilbakemelding frå landsstyret i Norges Samemisjon som hadde denne ordlyden:

*Landsstyret takker styret i Fagertun for en god søknad om tilskudd til oppussing av den gamle skulestova. Vi ber om at denne søknaden behandles av kretsårsmøtet og forankres der. Landsstyret ber om en realistisk plan for lønnsom drift de nærmeste årene. Vi takker for det store engasjementet i husastyret.*

### Arbeidet i krinsstyret i 2025

Styret har hatt ti møte og handsama 88 saker. Åtte av desse møta har vore digitale.

Inge Augestad har ordna med samemisjonsmøte i krinsen.

Krinsstyret har vedteke nye lover for Fagertun. Landsstyret i Norges Samemisjon hadde gjeve grønt ljøs for å vedta desse lovene.

Krinsstyret har og slutta seg til utkastet til nye lover for Norges Samemisjon og for krinsane i Norges Samemisjon. Det var landsstyret som sende ut desse utkastet.

## Fagertun

Fagertunstemna var 15.juni. Det var godt frammøte og utloddinga gav eit overskot på over 80 000 kr.

Barne- og ungdomsrådet har skipa til fire leirar i 2025.

## Økonomien i krinsen

På kontoen til Fagertun kom det inn 672.514.-kr. 300 000 kr var ei løyving frå landsstyret i Norges Samemisjon til utbetring av skulehuset.

Ut av Fagertun-kontoen gjekk det 511.268.-kr.

Frå Bergen krins vart det i 2025 overført, gjeve som gåver, 203 852.-kr til Norges Samemisjon sentralt.

## Tilskipingar

04.01.25	Leif Halsos	Jole- og nyttårsfest på Fagertun
05.01.25	Leif Halsos	Gudstenesteleg møtee på Fagertun
11.02.25	Tom Dervola Oseberg	Meling
12.02.25	Tom Dervola Oseberg	Rubbestadneset
13.02.25	Tom Dervola Oseberg	Sagvåg
14.02.25	Tom Dervola Oseberg	Husnes
15.02.25	Tom Dervola Oseberg	Rosendal
16.02.25	Tom Dervola Oseberg	Rosendal
23.04.25	Jesper Hegna Johnsen	Knarvik Misjonshus
15.06.25	Thor Olav Frette Gullbrå	Fagertunstemna
15.06.25	Per Augestad	Fagertunstemna
02.09.25	Tom Dervola Oseberg	Fortun
03.09.25	Tom Dervola Oseberg	Hafslo
04.09.25	Tom Dervola Oseberg	Hafslo
05.09-07.09.25		
	Tom Dervola Oseberg	Mannshelg på Fagertun
18.10.25	Asbjørn Hunnes	Tørvikbygd
19.10.25	Asbjørn Hunnes	Jondal
20.10.25	Asbjørn Hunnes	Rubbestadneset
21.10.25	Asbjørn Hunnes	Langevåg
22.10.25	Asbjørn Hunnes	Gravdal
23.10.25	Asbjørn Hunnes	Norheimsund
24.10.25	Asbjørn Hunnes	Rosendal
39.10.25	Inge Augestad	Vollom
03.12.25	Inge Augestad	Knarvik Misjonshus
04.12.-07.12.25		
	Knut Hjemdal	Adventssamling på Innvik Misjonshotell

## Krinshelsing, lysingar og innstikk i Dagen

Krinshelsing vart sendt ut fire gonger i 2025. I tillegg hadde Fagertun tre heilsides lysingar i Dagen i mai og eit innstikk i Dagen 3.mai.

Det er Rolf-Atle Rolfsnes som står for utteikning av Krinshelsing og som sender ut Krinshelsing, eit A4-ark med tekst på framsida og baksida.  
300 samemisjonsvener i Vestland fylke får bladet.  
I Krinshelsing er det trykt ein giro der inntekta går til Fagertun.

### **Samarbeidet med BUR – barne- og ungdomsrådet og husastyret for Fagertun.**

Medlemar av desse styra har vore med på styremøta.

Det er styret for Fagertun som har organisert utbetringa av skulehuset og det var og folk i desse styra som hadde ansvaret for Fagertunstemna 15.juni.

Me kan ta med at me mange år attende for å finna så mange deltakarar på Fagertunstemna.

### **Deltaking på tilskipingar**

På adventssamlinga som var ei fellessamlinga for Bergen krins og Møre og Romsdal krins på Innvik Misjonshotell 05. – 7.12. deltok Inge Augestad frå krinsstyret.

### **Medlem i landsstyret i Norges Samemisjon**

Inge Augestad er landsstyremedlem.

### **Etterord**

Også i år kan krinsstyret gleda seg over leirane på Fagertun. Me gleder oss og over utbetringa av skulehuset som gjorde det mogeleg for deltakarane på adventsleirane å ta i bruk det store rommet, sjølv skulestova, i bygningen.

Det er ikkje få dugnadstimar som er lagde ned slik at skulehuset skal verta ein tenleg reiskap i arbeidet for Guds rike.

Me er takksame for det arbeidet med tilhøyrande engasjement, som både husastyret og barne- og ungdomsrådet utfører.

Me trur og at det som vart sådd på dei fire Fagertun-leirane i 2025, skal spira og veksa og gjeva grøde i si tid.

*Årsmelding for Bergen krins av Norges Samemisjon vedteken av styret på styremøtet 26.01.26*